

Årsmelding FAU Undheim skule

Skuleåret 2025–2026

Innleiing

FAU ved Undheim skule har i skuleåret 2025–2026 hatt jamlege møte og arbeid med saker som gjeld skulemiljø, samarbeid mellom heim og skule, arrangement i bygda og medverknad i utviklinga av skulen. Denne årsmeldinga oppsummerer dei viktigaste sakene FAU har handsama gjennom året, frå hausten 2025 til årsmøtet i juni 2026.

Det har vore fem møte gjennom skuleåret, og FAU har vore konstituert på følgjande måte:

- Jon Harald Ødegård Egeland – leiar
- Øyvind Søyland – nestleiar
- Silje Taksdal – kasserar
- Arnfrid Bjelland – Trafikk- og skyssansvarleg
- Bodil Hobberstad Knutsen – medlem
- Borghild Hovstad Bjørkmo - medlem
- Gerd-Torill Hegre Berg - sekretær

Skulemiljø og trivsel

Olweusundersøkinga

Olweusundersøkinga for 4.–7. trinn synte dessverre ganske høge mobbetal ved Undheim skule. 16,7 % melde om mobbing to til tre gonger i månaden eller oftare, mest i form av verbal mobbing, men òg slag, spark, lygn og rykte. Det meste skjer i skulegarden. 14,8 % melde at dei er redde for å bli mobba, og ein av tre som hadde blitt mobba hadde ikkje fortalt det til nokon.

Samstundes melder dei aller fleste elevane om høg trivsel, både i timar og i friminutt, og 80 % synest synd på dei som blir mobba. FAU understrekar at mobbing ikkje berre er eit skuleproblem, men eit samfunnsansvar. FAU har oppfordra alle føresette til å snakke med barna sine om korleis ein er mot kvarandre på skulen, i fritida og på nett, og til å vera tydelege rollemodellar i språk og handling.

Vennegrupper og inkludering

FAU har minna om det gode tiltaket med vennegrupper, som kan styrkja vennskap, inkludering og fellesskap. Viktigheita av vennegrupper skal formidlast til foreldrekontaktane i starten av skuleåret, slik at forventingane er kjende.

FAU har oppfordra til enkle og inkluderande aktivitetar som filmkveld, hagefest, tur til leikeplassen eller felles stund på badeplassen.

Språkbruk og grensesetting

Rektorar melder om eit aukande problem med negativ språkbruk og grensesetting på skular. Etter Olweusundersøkinga sender FAU ut melding der språkbruk blir teke opp, og undervisningsopplegget «Gi oss spillereglar!» frå Redd Barna kan nyttast i arbeidet mot betre og finare språkbruk.

Digital kvardag

Skulen og FAU har hatt mykje merksemd på smarttelefon og sosiale medium. FAU-representantane hadde innslag om dette i klassane på foreldremøte for å auka medvitnet rundt problematikken, og det er ønskje om å henta inn eksterne føredragshaldarar.

Det er arbeid med å få Barnevakten til skulen. Foreldremøtet med Barnevakten vart halde 19. mars 2026 med svært godt oppmøte, og føresette frå barnehagen vart inviterte med. FAU er nøgde med innhaldet og vurderer eit eige opplegg for elevane neste år.

Den kommunale planen for digital praksis i oppvekst vart gjeldande frå 01.01.26. Planen tek for seg skjermbruk, psykisk helse, konsentrasjon og læring, og blir tema på foreldremøte i 1., 5. og 8. trinn.

Resultat og kvalitet

Nasjonale prøver synte god framgang frå tidlegare år. Undheim skule har mål om å liggja på nasjonalt nivå i lesing, rekning og engelsk:

- Rekning: 53 skalapoeng (41 i fjor), nasjonalt nivå 49.
- Lesing: 49 skalapoeng (41 i fjor), nasjonalt nivå 49.
- Engelsk: 49 skalapoeng (43 i fjor), nasjonalt nivå 50.

Elevundersøkinga synte gode resultat på 5. trinn, som ligg over kommunalt snitt på dei fleste felt. 7. trinn hadde låge tal, særleg på trivsel, vurdering for læring og motivasjon. Rektor har følgd dette opp med fleire møte med trinnet, og resultatata er drøfta i SU.

Kompetanseheving i personalet

Alle lærarane og SFO-leiar skal sertifiserast i Marte Meo i perioden januar–oktober 2026, med kompetanseheving innan klasseleiing, kollegarettleiing og relasjonar. Eit av temaa er «trygge foreldre i Time». Det er arbeid med utviklingssamtalane og korleis dei vert opplevde av føresette, lærarar og elevar, med mål om at føresette opplever reell medverknad og om å laga ein felles standard for utviklingssamtalar i Time kommune.

Arrangement og dugnad

Julefest og eldrefest

Julefesten vart halden 18.12.25 og eldrefesten 16.12.25. Eldrefesten fekk gode tilbakemeldingar frå dei eldre i bygda. Til saman kom det inn 6 154 kroner, noko mindre enn tidlegare år. I evalueringa kom det fram at det var att mange godteposar, og at det neste år berre trengst posar til barn. Eldrefesten treng meir graut. FAU har drøfta korleis ein kan få ei betre og meir rettferdig fordeling av dugnadsarbeidet mellom føresette.

17. mai

Det vart vedteke at 17. mai-komiteen frå og med 01.01.2026 skal vera 6. trinnsforeldre. Overgangsåret 2026 har medført usemje mellom 6. og 7. trinn om korleis ansvaret skal fordelast, og innstillinga vart at 6. trinn tek 17. mai frå 2026. 7. trinn har ansvar for flaggborg og tale. FAU ser i etterkant at dei burde vore ute på foreldremøta på dei ulike trinna då forslaget kom opp. FAU vil premiera trinnet med mest liv i toget.

Andre arrangement

- FAU stilte med grill og mannskap under TV-aksjonen 15. oktober.
- FAU stiller med grilling under aktivitetdagen 16. juni.

Andre saker

- Høyrings sak om opplæringslova: Undheim skule ønskjer å vera nynorsk skule og at Time kommune skal vera nynorskkommune.
- Private bursdagsfeiringar: Skulen vert ikkje lånt ut til private bursdagsfeiringar, i tråd med praksis ved dei andre skulane i kommunen.
- Besteforeldre som ekstravakter i storefri vart drøfta som ein positiv tanke. Spørsmål om politiattest og taushetserklæring må avklarast, før tanken kan arbeidast vidare med.
- Endring i personalet: Siv-Merethe Enge har sagt opp. Ny undervisnings- og avdelingsleiarstilling vert tilsett frå 1. august 2026.
- Innspel om oppfrisking av skulefasaden vart drøfta, men er vanskeleg å gjennomføra praktisk og økonomisk.
- Vedlikehald i gymsal (ballar i taket, basketballkorg og sceneteppe) er meldt til drift.
- Bekymring om bussjåførar som stoppar på feil side ved barnehagen/hallen. Føresette må melda avvik til Kolumbus og Jærtaxi.
- Skulen prøver ut leikbasert læring med dagleg leik/aktivitet på små- og mellomtrinn, òg som førebyggjande tiltak mot mobbing.
- Kommunikasjonskanalar: Kvar klasse må bli einige om kva kommunikasjonskanal dei ønskjer å bruke.
- 5. trinn skal vera ansvarlege for halv-7, og det er opent for klassar å ta initiativ til andre elevkveldar.

Vegen vidare

På årsmøtet vert vedtektene frå FAU gjennomgått og oppdaterte, saman med årshjul og stillingsbeskriving/rollefordeling for FAU. For å sikra kontinuitet kan tidlegare FAU-medlemmar vera med på det første nye FAU-møtet for neste skuleår.

Alle føresette til elevar ved Undheim skule har møterett på årsmøtet.

Undheim, juni 2026

For FAU Undheim skule

Gerd-Torill Hegre Berg, referent